



Arkivnr: 2019/11011-3

Saksbehandlar: Vigdis Robak Bjørgo

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		05.06.2019
Fylkesutvalet		20.06.2019

#### Sunnhordlandsruta - fleire stopp Bekkjarvik

##### Samandrag

I MISA 15.05.2019 vart det lagt fram ei meldingssak (RS 48/19) med brev frå Visit Austevoll om bestillingsstopp i Bekkjarvik for snøggbåten mellom Bergen og Leirvik. I samband med handsaminga av meldingssaka vedtok utvalet at saka vart sett på sakskartet som vedtakssak til neste møte i utvalet.

Førespurnaden frå Visit Austevoll gjeld ønskje om bestillingsstopp på to konkrete turar; tur 30 med avgang frå Bergen kl. 12:15 og tur 9 med avgang frå Leirvik kl. 10:10.

Skyss er i dialog med aktuell operatør (Norled) i høve ekstraanløp på dei to nemnte turane, for å kartlegge kva som er mogleg og kva kostnad/konsekvens slike bestillingsstopp eventuelt vil ha. Mest truleg vil dette ha ein meirkostnad gjennom auka produksjonstid og/eller auka forbruk av drivstoff.

Austevoll kommune har vore i kontakt med Skyss, og signalisert opning for å medverke til dekking av meirkostnader i ein avgrensa periode. Når dei økonomiske konsekvensane er kjend vil Skyss gå i dialog med Austevoll kommune for å drøfte dette og søkje å finne løysingar.

Fram til nye bestillingsstopp eventuelt er implementert i ruteplanen har Skyss opna for dialog med Gjestgiveriet i Bekkjarvik og vurderer enkeltsaker fortløpande.

**Økonomi:** Kan gi økonomiske konsekvensar

**Klima:** Eventuell meirforbruk av diesel vil gi auka utslepp av CO2

**Folkehelse:** Liten innverknad

**Regional planstrategi:**

#### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 22.05.2019**

I MISA 15.05.2019 vart det lagt fram ei meldingssak (RS 48/19) med brev frå Visit Austevoll om bestillingsstopp i Bekkjarvik for snøggbåten mellom Bergen og Leirvik. I samband med handsaminga av meldingssaka vedtok utvalet at saka vart sett på sakskartet som vedtakssak til neste møte i utvalet.

Førespurnaden frå Visit Austevoll gjeld ønskje om bestillingsstopp på to konkrete turar; tur 30 med avgang frå Bergen kl. 12:15 og tur 9 med avgang frå Leirvik kl. 10:10.

Skyss er i dialog med aktuell operatør (Norled) i høve ekstraanløp på dei to nemnte turane, for å kartlegge kva som er mogleg og kva kostnad/konsekvens slike bestillingsstopp eventuelt vil ha. Mest truleg vil dette ha ein meirkostnad gjennom auka produksjonstid og/eller auka forbruk av drivstoff.

Austevoll kommune har vore i kontakt med Skyss, og signalisert opning for moglege løysingar samt dekking av meirkostnader i ein avgrensa periode. Når dei økonomiske konsekvensane er kjend vil Skyss gå i dialog med Austevoll kommune for å drøfte dette og søkje løysingar.

Fram til nye bestillingsstopp eventuelt er implementert i ruteplanen har Skyss opna for dialog med Gjestgiveriet i Bekkjarvik og vurderer enkeltsaker fortløpande.